



Arkivsak-dok.	21/05178-1
Saksbehandler	Trude Letnes
Saksgang	Møtedato
Utval for kultur og næring	08.12.2021
Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023	09.12.2021

VURDERING AV FASTE DRIFTSTILSKOT TIL LAG, ORGANISASJONAR OG VERKSEMDER 2022.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lag og foreiningar på Voss mottek fast årleg driftstilskot slik det kjem fram i saka.

Vedlegg:

Søknad om økonomisk støtte Voss Cup
Søknad driftsstønad Voss herad.doc
Søknad Voss Herad om fast tilskot.doc
c2bef0b8-aadd-40a5-9410-aec9b479d08c_SGTPAL_Søknadsbrev driftsstøtte 2022
2021 utsjett 2022
argument for støtte - driftsøknad Vestland 2021
søknad Vestland 2021
Årleg støtte frå Voss herad_Voss kunstlag

Samandrag:

Denne saka gjeld vurdering og justering av faste årlege driftstilskot til lag, organisasjonar og verksemder Voss herad.

Saksopplysningar:

Voss herad støtter mange lag, organisasjonar og verksemder med faste driftstilskot. Beløpet ligg på vel 6,5 millionar kroner berre på området til Kultur og fritid, i tillegg kjem støtte til drift på næringsområdet. Støtta går først og fremst til ideelle verksemder, men det er også verksemder som bidreg med tenester for oss. Nokre samarbeid ligg i grenselandet mellom tilskot og kjøp av tenester. Lista som er presentert her er difor ikkje utfyllande. Dei fleste tilskota er forankra i tidlegare politiske vedtak. Det er vanskeleg å endra og ta vekk eksisterande tilskot, men fordi behova endrar seg er det likevel viktig å gjera nye vurderingar med jamne mellomrom.

Voss herad bidreg med økonomisk støtte på eit breitt fagfelt. På kulturområdet ynskjer me å støtta tiltak som bidreg til å lyfta kultur for born og unge, samstundes prøver me å ha eit fokus på å byggje opp eit breitt kulturfelt. Dette gjer at ulike verksemder som driv med kulturuttrykk som klassisk musikk, jazz, folkemusikk, kunst og kulturarv får driftsstøtte.

Dei fleste av verksemndene som får støtte kviler drifta si på samarbeid med frivillige. Dette er lag og organisasjonar både med ordinære medlemmer og som rekrutterer frivillige til særskilte arrangement.

Det har vore ein diskusjon om støtta burde vore prisjustert, men utgangspunktet har vore at det blir pålagt krav om effektivisering både på kommunale tenester og andre. Nokre av verksemndene driv svært marginalt og me har forståing for at det ikkje er mykje spelerom for effektivisering.

Det vert ikkje lagt opp til store endringar i denne saka.

Vurdering av kvart einskild løve:

	Verksem d/ organisa sjon	Drifts- tilskot	Aktivitet	Søknad om auka støtte/fr amlegg om endring	Tilråding	Grunngjeving
	Kultur og fritid					
1	Vestnorsk kultura kademiet	150 000	VKA ynskjer å bli eit ressurssenter for immateriell kulturarv og kulturbasert næringsutvikling overfor lokale og regionale samarbeidspartnerar. For å klare dette treng dei auka grunnfinansiering.	300 000	150 000 Justerin g i høve feilutbet aling	Aktiviteten ved VKA har gått ned dei siste åra etter at dei mista status som poenggjevande høgskule, men dei arbeider for å bygga opp ulike kurstilbod innanfor fleire felt. Det er ikkje funne rom til å auke støtta *
2	Bygdebok- nemnda	100 000	Skriv 7 band av bygdeboka for Voss. Har fast årleg tilskot på 100,- og underskotsgaranti på 1 mill.	Inge søknad	Ingen endring	Har fått utvida underskotsgarantien til 2030 og tilbod om kontorplass på Tinghuset. Bygdeboknemnda skal tilsetta ny skrivar ila 2022 og kostnaden med dette blir truleg høgare enn dagens skrivar. Det vil koma ei sak om framdrift og finansiering av Bygdebokprosjektet våren 2022.
3	Hardanger og Voss museum	206 000	Inkludert i støtta til Hardanger og Voss museum er driftsstøtta til Dagestadmuseet som ligg på ca 50,-	Ingen søknad	Ingen endring	Hardanger og Voss museum får kr. 10,- i støtte pr innbyggjar i tillegg til støtta til Magnus Dagestadmuseet som blei overført etter fusjon mellom dei to musea.

4	Voss kunstlag	50 000	Støtta går til drift av laget	Ingen søknad	Ingen endring	Støtta til Voss kunstlag har vore vurdert. Voss kunstlag er eit lag for vaksne og dei samarbeider med Voss kulturhus og får låne utstillingsareal gratis. Det kan argumenterast for endring i støtta av desse grunnene. Samstundes er verksemda til kunstlaget eit av få kunstfagleg aktivitetar me har på Voss og dei har vore viktige samarbeidspartnarar til andre aktørar, mellom anna dei store festivalane.
5	Ole Bull Akademi et	125 000	Støtta går til drift av skulen. Skulen har statssøtte og auke i driftstilskotet blir ikkje prioritert.	Ingen søknad	Ingen endring	Har auka aktivitet og program dei siste åra. Har også ei stor satsing på barn og unge. Rådmannen gjer framlegg om å imøtekoma søknaden.
6	Vossa jazz	400 000	Støtta går til drift av festivalen. Vossa Jazz er den største av musikkfestivalane og viktig for musikkbygda og merkevara Voss.	Ingen søknad	Ingen endring	Vossa Jazz er 50 år i 2023 og skulle gjerne vore tilgodesett med auke i tilskot, men dei er den festivalen med høgast kommunalt tilskot i dag og blir ikkje prioritert denne gongen.
7	Orkester et Fossegrimen	200 000	Støtta går til drift av laget. Det er eit nært samarbeid mellom Kulturskulen/kulturhuset og Fossegrimen. Fossegrimen får denne støtta av kommunen, men betalar 200 000 for leige av kulturhuset.	Søkjer prisjustering	Ingen endring	Fossegrimen er ein viktig institusjon på Voss og har gode argument for at tilskotet bør auke med prisjusteringa. Det er ikkje funne rom til auke.
8	Voss skule-musikk	50 000	Voss skulemusikk er ein stor og viktig kulturaktør i Voss. Dei er svært gode på inkludering av born som treng det særskilt.	Ingen endring	Ingen endring	Voss skulemusikk har ikkje søkt om auka støtte, men etter prisendringa på Voss kulturhus vil me justera ned husleigekostandane dei har på Kulturhuset. Instrument er dyrt, og det er difor økonomisk krevjande å drifta eit musikklag. For å legge til rette for barn og unge

						i kulturhuset vil me justera ned husleigeutgiftene deira. Dette vert gjort med omdisponeringar innafor ramma.
9	Osa-festivalen	125 000	Osafestivalen har utvikla seg mykje dei siste åra og har eit stort og variert program. Osafestivalen forvaltar eit kulturuttrykk som Vestland fylkeskommune ynskjer å ta eit verdsarvansvar for, nemleg hardingfela, og dei ynskjer å byggja opp ivaretakinga av denne kulturarven.	300 000	300 000	På bakgrunn av den positive utviklinga Osafestivalen har hatt dei siste åra, og for å imøtekoma Fylkeskommunen si satsing på folkemusikk, gjer me framlegg om å auka tilskotet til festivalen til 300` og forventar at Vestland fk aukar sin del av tilskotet.
10	Ekstrem Sport-veko	200 000	Ekstremsportveko set Voss på kartet og er ei svært viktig festival for kommunen.	Ingen søknad	Ingen endring	Heradet yt tenester inn mot festivalen ved å samarbeide om tilrettelegging av arenaer og andre viktige tenester knytt til infrastruktur. Inntektpotensiale til festivalen er likevel så høgt, og det er ikkje funne rom til auka tilskot.
11	Voss kulturråd	15 000	Voss kulturråd organiserer kulturlivet på Voss og er eit talerøyr for dei. Kulturrådet driv ikkje eigen aktivitet utover å drifta kulturkalenderen.	Ingen søknad	Ingen endring	
12	4H	50 000	Støtta blir nytta til å drifta alle 4H laga i heradet.	Ingen søknad	Ingen endring	
13	Tilskot til ungdomsråd	100 000	Midlane blir disponert av ungdomsrådet. Dei kan initiera aktivitet sjølv, eller dei kan tildela midlar som dei finn nyttige for ungdom på Voss.	Ingen søknad	Ingen endring	

14	Grunn-leige	540 000	Det er lagt inn ei lita auke i ramma til leige av grunn til idrettsanlegg. Idrettsanlegga i heradet er eig, drevet og vedlikehalde av lag, foreiningar og private, medan Voss herad støttar dei ved å betala leiga av det grunnarealet dei nyttar. Her er det nokre avtalar som går ut og andre søker seg inn. Me legg no opp til å ta Voss golfklubb inn i ordninga og legg bidra til Voss kajakk-klubb inn som "fyrste vara".	600 000	600 000	Framlegg i rådmannen sitt budsjett. For å sikra avtalefesta prisjustering og dei nye anlegg. Budsjettramme er justert opp tilsvarende.
15	Frivilligsentralen Nabobeino	735 000	Nabobeino søkte i 2021 om auke på tilskotet til 958 000. dei har dei siste åra hatt auke i husleiga og har problem med å dekke utgiftene sine på det tilskotet dei har i dag.	958 000	822 000	Framlegg i rådmannen sitt budsjett Frivilligsentralen har fått auka husleige. Me gjer framlegg om å dekke denne med 87 000, men anna utgiftsauke må dekkast på anna vi.
16	Voss idrottsråd	70 000	Til drifta av Voss idrottsråd	Inge søknad	Ingen endring	
17	Overføring skule (gymssalar)	200 000	Kultur og fritid betalar for leige av skulane	Inge søknad	Ingen endring	Kultur og fritid betalar skulane for reinhald etter bruk i samband med til dømes Voss cup og andre idrettsarrangement som nyttar skulane.
18	Tilskot leikeplassar	100 000	Tildeling etter søknad	Inge søknad	Ingen endring	Fleire av Voss herad sine leikeplassar blir vedlikehalde av lokalsamfunna. Me bidreg med økonomisk støtte.
19	Voss cup	0	Voss cup er Noregs største barneturnering i fotball og er ein viktig institusjon på Voss. Voss fotballklubb eig og driv begge kunstgrasbanane og andre anleggsmidlar. Dei har utgifter knytt både til desse anlegga og til festivalen. Dei søker om kommunalt	Inge konkret søknads sum	Ingen endring	Voss FBK har gode argument for kommunalt driftstilskot. Dei er ein viktig arena for barneidretten og turneringa genererer mykje tilbake til bygda. Støtte til Voss cup ville også vere ein måte å synleggjera denne verdien. Det er likevel ikkje funne rom kommunalt tilskot.

			tilskot på linje med dei andre festivalane.			
20	Bygdatunets vene i Granvin	50 000	Norsk kulturråd gjev støtte til Granvin bygdemuseum via Hardanger og Voss museum. Bygdatunet vene står for vedlikehaldet og den antikvariske og museale utviklinga på museet, og midlane overførast til dei.	Ingen søknad	Ingen endring	Desse midlane er ikkje faste driftstilskot. Heradet nyttar av dei når det er tiltak som heradet sjølv må stå for, elles vert dei overført til venelaget som har generelt vedlikehaldsansvar.
21	Bergslisti	0	Bergslistiinga eig Bergslitræet, og har driftsutgifter knytt til vedlikehald, varme, alarmar oa til bygget. Bergslistiinga tilbyr alle 4.klassingar i Voss herad eit gratis undervisningsopplegg som dei held kvart år. I tillegg har dei arrangementa for barn og unge under kulturminnedagane.	50 000	50 000	I tillegg til å vedlikehalda og drifta Bergslitræet og halde det ope for publikum, yt Bergslistiinga faste tenester til Voss herad. For å sikra dei faste driftsutgiftene til Bergslitræet vert det lagt opp til at dei får fast årleg driftstilskot på 50 000
22	Fortidsminneforeininga	0	Fortidsminneforeininga eig Finnesloftet, Lydvaloftet og Ullestadbua. Dei får ikkje driftstilskot frå Voss herad. Dei arbeider no med å etablera eit lokallag som kan ta hand om desse tre bygningane.	80 000	Ingen endring	Mellomalderbygga til Fortidsminneforeininga på Voss er viktige i ein nasjonal samanheng og dei er viktige for Voss, men me finn ikkje rom til å gje driftstilskot til Fortidsminneforeininga no.
Plan, næring og forvalting						
23	Destinasjon Voss	1 210 000	Tidsavgrensa fast driftstilskot		Ingen endring	Finansierast av kraftfondet. Skal ut på anbod
24		250 000	Ekstra tilskot for utvida opningstid		Ingen endring	Finansierast av kraftfondet. Skal ut på anbod
25		650 000	Marknadsføringsmidlar. Betalast ut etter plan utarbeidd av DV.		Ingen endring	Finansierast av tenesteramma.
26	Næringshagen	300 000	Kjøp av tenester for drift av Etablererlos		Ingen endring	Finansierast av tenesteramma. Skal ut på anbod
27	Voss sentrum	250 000	fast driftstilskot Voss sentrum		Ingen endring	Finansierast av kraftfondet.
28	Voss herad	100 000	Midlar til skogkultur. Tilskot til skogplanting.		Ingen endring	Finansierast av kraftfondet.

Administrasjon og leiing						
29	Nærøyfjorden Verdsarvpark	100 000	Fast driftstilskot		Ingen endring	
30	Stiftelsen Voss klekkeri	58 000	Voss klekkeri arbeider har søkt om tilskot på 110 000 kr + 20 000 kr for sekretærutgifter i Tiltaksutvalet.	130 000	100 000	<p>Rådmannen tilrår 80 000 kr i kommunalt tilskot, ca. 20 000 kr for sekretærfunksjon (etter forbruk) og 10 000 kr fra kommunalt fiskefond. Kommunalt tilskot er tilrådd auka frå 58 000 kr i 2020.</p> <p>Frå 2021 er klekkeriet sine oppgåver redusert, og mykje av finansieringa er falt bort. Klekkeriet har gått frå 2 faste stillinger til ei $\frac{1}{2}$ fast stilling. Klekkeriet har framleis viktige funksjonar i arbeidet med å redde Vossolaksen. Fylkesmannen og Miljødirektorat går inn for at vi skal behalda ein beredskapsfunksjon ved Voss Klekkeri. Dei er derfor innstilt på å fortsatt gje midlar, i første omgang for 2021. Situasjonen vil så bli evaluert.</p>
Oppvekst						
31	Røde kors	50 % stilling	Oppvekst kjøper tenester frå røde kors for tiltak knytt til særleg sårbare barn og unge.	Omdisponert		Midlane vert omdisponert til intern bruk i 2022. Ny vurdering ila året.
* Vestnorsk kulturakademi fekk i 2019 auka tilskotet frå 100 000 til 150 000 (jf. HS sak 45/18).						
Ved ein feil er det betalt ut 200 000 i 2020 og 2021. Det er beklagleg at slikt skjer, men mottakar har						
ein plikt til å gje beskjed når utbetalinga vert feil. Det vert difor lagt opp til at VKA må betala dette						
tilbake over to budsjettår. Midlane vert overført til Kulturtilstskot til utdeling i 2022 og 2023.						

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Lokale lag og foreiningar på kunst, kultur og idrettsfeltet gjer ein svært viktig jobb på Voss. Dei er aktive, dyktige og progressive og dannar grunnlaget for kulturlivet i bygda. Heradet er heilt av avhengig av alle aktørane på denne sektoren for å kunne tilby eit fagleg sterkt og variert kulturliv.

Nokre verksemder har varierande grad av aktivitet. Voss kunstlag og Vestnorsk kulturakademi er to eksempel på dette, og me har vurdert støtta til dei. Kulturakademiet har ikkje lenger høgskulestatus og aktiviteten har difor gått ned, men dei arbeider med å bygge opp fleire kurs og med UNESCO søknad til Kveik. Kunstlaget får gratis husleige på Kulturhuset og me har difor vurdert støtta, men ser at dei er viktige kunstformidlarar og at utstillingane er kostnadskrevjande. Begge får behalda støtta i framleggset. Kulturakademiet har i to år no, ved ein feil fått utbetalt kr. 200 000 i støtte. Dette blir justert ned til vedteke beløp på kr. 150 000, og Bergslistiftninga får tilskot på kr. 50 000. Bergslistiftninga har fram til no ikkje fått driftstilskot men gjer ein viktig jobb med å ta vare på kulturarven etter Bergslibrørne og formidling av dette til barn.

På næringsområdet er overføringa knytt til organisering av næringsarbeidet i Voss herad. Dette vil verta sett i samanheng med den nye næringsplanen og strategiske satsingar her.

Det vert ikkje lagt opp til nye utvida økonomisk ramme i denne saka. Dei største auka i tilskot ligg i saka om årsbudsjett og økonomiplan, nokre justeringar blir gjort gjennom omdisponeringar innafor ramma. Saka blir likevel lagt fram for politisk handsaming for å legge til rette for ei aktiv politisk at politikarane vedtak på tildelingane.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar utover det som ligg i økonomiplan og budsjett for 2022.

Miljø og klimakonsekvensar:

Ingen kjende konsekvensar

Folkehelsekonsekvensar:

Støtta til lag og foreiningar er grunnleggjande for å skape eit godt kulturliv og for å byggja kompetanse på frivilligheit. Begge delane er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Konklusjon

Rådmannen rår til at lag og foreiningar får driftstilskot slik det kjem fram i saka.